
Saksnr: 2021/18331-2
Saksbehandlar: Bertil Søfteland
Dato: 05.05.2021

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Politisk sekretariat

Spørsmål om Torvanger har hatt plikt til å melde ifrå

Politisk sekretariat har med utgangspunkt i forundersøking – Habilitet – Avdeling for Opplæring og kompetanse frå Advokatfirmaet Thommessen AS, vurdert om leiar i hovudutval for opplæring og kompetanse, Karianne Alette Torvanger (AP) («**Torvanger**»), har hatt plikt til å melde ifrå om at ho er i fast forhold (kjærleiksforhold med) med seksjonsleiar i seksjon for «Kvalitet i opplæring», (kjærleiksforhold med) Kenth Rune Teigen Måren («**Måren**»).

Det er Politisk sekretariat si oppfatning at folkevalde i Vestland fylkeskommune gjennomgåande er svært oppteken av å vere ryddig knytt til spørsmål om habilitet og andre rettar og pliktar for dei folkevalde. Allereie frå fellesnemndperioda har spørsmål om habilitet vore tema i folkevalde møter, og det er Politisk sekretariat si vurdering at prosedyrane for korleis dei folkevalde meld inn spørsmål om habilitet er godt kjend.

Handlingsplikt etter forvaltningslova § 8

Forvaltningslova § 8 regulerer korleis spørsmål om habilitet vert avgjort.

«§ 8. (avgjørelse av habilitetsspørsmålet).

Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.

I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.

Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad».

Etter forvaltningslova § 8 anna ledd første punktum blir avgjerd om habilitet i kollegiale organ treft av organet sjølv, utan at vedkomande medlem deltek. I praksis skjer dette i Vestland fylkeskommune ved at det folkevalde organ får førelagt spørsmål om habilitet og at det folkevalde organ tek avgjerd etter at fylkesrådmannen ved Politisk sekretariat har gitt ei vurdering og tilråding.

Etter forvaltningslova § 8 tredje ledd skal eit medlem, i god tid, si ifrå om forhold som gjer eller kan gjere han/ho ugild. Her fastslår lovgivar at det er ei **plikt** å melde i frå i god tid. Plikten gjeld ikkje berre forhold som **gjer** ein ugild. Plikten gjeld også forhold som **kan gjere** han/ho ugild. Denne

plikta skal sjåast i samband med at det nettopp er det kollegiale organet sjølv som avgjer spørsmålet om habilitet.

I Rapport frå Advokatfirmaet Thommessen kjem det fram under punkt 5.2 at Måren og Torvanger etablerte eit fast forhold frå ca. medio 2020. Det kjem fram at forholdet før dette hadde utvikla seg over noko tid i perioden frå årskiftet 2019/2020. I rapportens punkt 5.4.2 kjem det fram at verken Måren eller Torvanger har opplyst om forholdet. I rapporten kjem det fram at dette skuldast dels at forholdet var i etableringsfasen og at det var unaturleg å vidarebringe informasjon før dei sjølv hadde ein meir avklart relasjon. Vidare: *«Dels skyldtes det at verken Måren eller Torvanger har vurdert at relasjonen dem imellom ville gjøre dem inhabile eller på annen måte ha formell betydning for hhv ansettelsesforhold eller politisk verv».*

Det er Politisk sekretariat si vurdering at Torvanger ved å unnlate å informere om forholdet har teke i frå det kollegiale organet deres høve til å fatte avgjerd etter forvaltningslova § 8 anna ledd. Då det ikkje er Torvanger som tek avgjerd vil ho gjennom si avgjerd ikkje berre bryte plikta etter forvaltningslova § 8 tredje ledd om å melde i frå, men også risikere at utvalet ho er leiar for gjer vedtak som det seinare kan stillast spørsmål om er gyldig.

Etter dette har Politisk sekretariat kome til at Torvanger har hatt plikt til å melde i frå om forholdet til Måren.

Handlingsplikt etter Reglement for folkevalde organ og delegering

I Reglement for folkevalde organ og delegering er det inntatt et eiga reglement for saksbehandling.

Dette står på side 47 følgjande.

I punkt 2 om inhabilitet står det i anna ledd at eit medlem skal i god tid orientere sekretariatet om faktiske forhold som gjer eller kan gjere han inhabil.

Torvanger har og har hatt ei plikt etter reglement vedtatt av fylkestinget å selv mellom fra om disse faktiske forhold.

Etiske retningslinjer og etikkutval

Politisk sekretariat vil også vise til etiske retningslinjer og etikkutval. Disse ble vedtatt av fylkestinget i det konstituerande møte 15. og 16. oktober 2019, PS 10/2019 Folkevalde i Vestland – rettar og pliktar.

Dei etiske reglement for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis.

Retningslinene punkt 7.1.2.3 omhandlar *«Habilitet og interessekonfliktar»* og er regulert slik:

«Dei folkevalde i Vestland fylkeskommunen skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekke tilliten til at dei er upartiske. Ved tvil om habilitet skal spørsmålet takast opp, slik at det kollegiale organet ein er medlem av tek stilling til spørsmålet».